Lærarrolla og laget rundt barnehageborn og elevar

Lokallagsstyrekurs - Geiranger 14.-15.11.2024

UTDANNINGS FORBUNDET

VI UTDANNAR NOREG 2024 - 2027

Frå del 4.1:

- Lærarprofesjonen skal ha ei særskild rolle i å sikre ei tenleg og forsvarleg avklaring av kva for oppgåver profesjonen har ansvaret for, og kva for oppgåver leiarar og lærarar treng støtte frå andre yrkesgrupper for å løyse.
- Utdanningsforbundet skal arbeidet for at denne avklaringa skjer gjennom partssamarbeid, samarbeid med dei andre yrkesgruppene i det lokale arbeidsfellesskapet og innanfor gjeldande lov- og avtaleverk.
- Lærarane skal ikkje ta på seg oppgåver som høyrer til fagfeltet og kompetansefeltet til andre yrkesgrupper.



STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025:

- Utdanningsforbundet skal ta eit særskilt ansvar for å definere lærarrolla og arbeide for ei felles forståing av kva lærarrolla inneber

- Vi skal også synleggjere kva vi meiner er eit godt lag rundt barnehagebarn og elevar.

Handlingsplan for Utdanningsforbundet Møre og Romsdal
1. august 2024 – 1. august 2025

Handlingsplanen bygger på Utdanningsforbundet sitt politiske dokument *Vi utdannar Noreg 2024 – 2027, Strategisk plan 2024-2025*, og vedtak på fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal 2023.

1. Lærarrolla og laget rundt barnehageborn og elevar

VI UTDANNAR NOREG 2024–2027:

Lærarprofesjonen skal ha ei særskild rolle i å sikre ei tenleg og forsvarleg avklaring av kva for oppgåver profesjonen har ansvaret for, og kva for oppgåver leiarar og lærarar treng støtte frå andre yrkesgrupper for å løyse. Utdanningsforbundet skal arbeide for at denne avklaringa skjer gjennom partssamarbeid, samarbeid med dei andre yrkesgruppene i det lokale arbeidsfellesskapet og innanfor gjeldande lov- og avtaleverk.

Læraren treng støtte frå andre yrkesgrupper, både i og utanfor eigen barnehage og skule, for å kunne ta hand om ansvaret sitt til det beste for born, unge og vaksne.

STRATEGISK SATSING FRÅ AUGUST 2024 TIL AUGUST 2025:

Utdanningsforbundet skal ta eit særskilt ansvar for å definere lærarrolla, og arbeide for ei felles forståing av kva lærarrolla inneber. Vi skal også synlegjere kva vi meiner er eit godt lag rundt barnehageborn og elevar.

Mål	Tiltak for å nå måla	Ansvar
-Definere og avgrense lærarrolla -Tydeleg oppgåvefordeling mellom lærarar og andre yrkesgrupper i laget rundt	<u>Arbeid med satsingsområdet i fylkesstyret:</u> - Følgje opp pkt. 1 i protokolltilførsel til SFS2213 - Arbeide for at definisjonsmakta kring lærarrolla ligg til profesjonen vår - Legge til rette for lokale prosessar når det gjeld å definere og avgrense av pedagogane sitt ansvarsområde	Kontaktpersonar Leiinga Kursutval UFA UPU

Ei sterk lærarrolle krev at lærarprofesjonen er bevisst og omforeint om kva grenser vi kan setje for oss sjølve. Vi må skape ei felles forståing for læraren sin profesjonsidentitet, ansvar og oppgåver.

Strategisk plan 2024-2025

UTDANNINGS FORBUNDET

Læraren sitt samfunnsoppdrag

- Lærarkompetansen er unik og breitt samansett, og formålet med lærarutdanninga er å utdanne lærarar som skal ta hand om mandatet til barnehagen og skolen.

- Når forventningane til lærarrolla strekkjer seg utover dette, eller ikkje kan møtast på grunn av kapasitetsutfordringar, oppstår eit behov for å ha eit lag rundt barn, unge og vaksne.

- Over tid har likevel nemninga «laget rundt» blitt politisert, og ulike aktørar har ulik tolking av kven det er som utgjer dette laget.

Denne utviklinga er utfordrande for Utdanningsforbundet. Vi opplever at lærarrolla blir svekt ved at det blir skapt usikkerheit om kven som faktisk har det pedagogiske ansvaret i barnehagane og skolane.

Behovet for å ha eit lag rundt barn og unge blir av andre brukt som grunngiving for å prioritere å rekruttere andre enn lærarar med lærarutdanning, men der desse etter kvart også får pedagogisk ansvar i barnehagen og står for undervisning av elevar i skolen.

Samtidig som Utdanningsforbundet skal anerkjenne behovet for å ha eit sterkt lag rundt barn, unge og vaksne, er det viktig at vi tydeleg viser kva som er forholdet mellom dette laget og behovet for ei framtidig sterk lærarrolle.

UTDANNINGS FORBUNDET

Utdanningsforbundet si forståing av «Laget rundt eleven» er at det skal vere eit supplement til lærarkompetansen, og skal fungere som ein støttespelar for læraren i arbeidet med å oppfylle samfunnsmandatet til det beste for alle born og elevar i barnehage og skule

Lokalt arbeid:

- Arbeidet med å definere og avgrense lærarrolla krev ei bevisstgjering. Det må gjerast eit arbeid på kvar enkelt arbeidsplass, i den lokale arbeidsfellesskapen, slik at lærarar, leiarar og andre yrkesgrupper samtalar om korleis dei fordeler oppgåver og ansvar. Dette krev tilrettelegging, blant anna gjennom avsett tid.

- Lærarane skal ikkje fråskrive seg ansvaret sitt, men søkje støtte frå andre yrkesgrupper. Dette krev at dei har kunnskap om si eiga rolle, slik ho er ramma inn i gjeldande lov- og avtaleverk.

- I tillegg krev det kunnskap om dei yrkesgruppene og tenestene som kan og bør inngå i det lokale laget rundt barnehagebarn og elevar.

Arbeidet med å avgrense lærarrolla må ta sikte på å møte behova hos lærarane, og samtidig ***bevisstgjere dei*** *det ansvaret dei sjølve har,* ***kva ansvar dei deler med andre yrkesgrupper og tenester****, og kva ansvar som ligg hos støttesystemet.*

Strategisk plan 2024-2025

UTDANNINGS FORBUNDET

Hva lærerne ikke kan!

Et kunnskapsgrunnlag for satsning på bruk av flerfaglig kompetanse i skolen

«Det interne laget» - tilsette i barnehage/skule

Kven skal /bør inngå i det interne laget?

- Lærar
- Barne- og ungdomsarbeidar
- Spesialpedagog
- Støttepedagog
- Assistent
- Miljøarbeidar
- Miljøterapeut
- Sosiallærar
- Vernepleiar
- Andre?? PPT – kvar høyrer dei til?

«Det eksterne laget» - støttesystemet utanfor

Kven skal/bør inngå i det eksterne laget?

- Helsestasjon/skulehelsetenesta
- Psykolog
- PPT??
- Barnevern
- BUP
- Andre??

Spørsmål i Padlet

- Kva ansvar ligg til lærarrolla åleine?
- Kva ansvar deler vi med andre yrkesgrupper og tenester?
- Kva ansvar ligg hos støttesystemet?
- Korleis få til god utnytting av kompetansen til dei ulike yrkesgruppene?

Spørsmål i Padlet

- I forhandlingane av arbeidstidsavtalen SFS 2213 i desember 2023 fekk utdanningsforbundet inn i protokollen at det er behov for å gå gjennom kva oppgåver lærarprofesjonen har ansvaret for, og kva oppgåver som andre tilsette i skolen bør utføre. Det same behovet finn vi igjen i regjeringsstrategien for å rekruttere til lærarutdanningane og læraryrket, ved at dei vil styrkje laget rundt barn og unge «for å bidra til at lærerne kan bruke tiden på kjerneoppgavene».

- Regjeringa har i Hurdalsplattforma også teke til orde for å sjå nærare på kva oppgåver barnehagelærarane har. Dette vil krevje diskusjonar på lokalt nivå og på einingsnivå om kva oppgåver lærarprofesjonen skal utføre innanfor oppdraget som er gitt i lover og forskrifter.
-

Frå protokoll SFS 2213 - 2014

KS

PROTOKOLL

Saks.nr. 23/02833-19

Dato: 1.12.2023, 8.12.2023 og 12.12.2023
Sted: Kommunenes Hus
Parter: KS og Utdanningsforbundet
Sak: Forhandling av SFS 2213

« Det er behov for en gjennomgang av hvilke oppgaver lærerprofesjonen har ansvar for, og hvilke oppgaver som bør utføres av andre ansatte i skolen i en tid hvor all kompetanse skal være tettere på.

For å løse skolens helhetlige samfunnsoppdrag er det behov for at ulike yrkesgrupper har en arbeidsdeling som bidrar til at deres kompetanse blir benyttet på best mulig måte og til gode arbeidsforhold.

De sentrale parter mener det bør foregå diskusjoner på lokalt nivå og på skolenivå om hvilke oppgaver lærerprofesjonen skal utføre innenfor sitt oppdrag gitt i lov og forskrifter»

- Har lokallaga starta på oppdraget frå SFS 2213?
- Har det vore diskusjonar på kommunalt nivå?
- Har det vore diskusjonar på skulenivå?
- Kva oppgåver skal lærarprofesjonen utføre innanfor sitt oppdrag gitt i lov- og føreskrift?
- Har det i så fall ført til at yrkesgruppene sin kompetanse vert brukt på ein betre måte?